

Fyrstkomande fredag (23/2) kan Dønhaugkjedlaren by på musikk av høg kvalitet. Då kjem Arild Hammerø Trio på vitjing. Trioen har jobba saman i fleire år og består av Arild Hammerø (gitar/song/munnspel), Morten Kvam (kontrabass/koring) og Stian Villanger (trommer).

Dei tre er framragande musikarar, kvar på sitt felt. Arild kjem frå Hustadvikka i Romsdal, men bur no i Oslo. Han har tidlegare bakgrunn som freelance-musikar i Bergen, tekstane og musikken er det han som har laga. Kontrabassist Morten Kvam er student på jazzlina ved Griegakademiet i Bergen, og er aktiv i fleire ensembler. Trommeslager Stian Villanger er utdanna ved University of Salford, i tillegg til å vera freelance-musikar er han slagverkslærer på Manger Folkehøgskule.

Trioen er i periodar svært aktiv gjennom konsertvirksomheit. Musikken er meir viseprega, med innslag av blues, bluegrass, jazz og klassiske element. Visene har ein personleg karakter, og blir formidla gjennom aktiv kontakt med publikum. Då alle tre har bakgrunn frå improvisasjonsmusikk, er også framføringane prega av uventa påfunn og solistinnslag, ein spennande kontrast til visestrukturen.

Gruppa gav ut ein EP i 2004, i desse dagar startar innspelinga av ny plate.